



INNHALD

Ordføraren	2
Har du høyrte at	3
Landbruksforvaltninga	4
Klippe, klippe	6
Vinterfest i Fjaler	10
Kulturminneåret 2009	11
FNU.....	14
Nytt frå kulturskulen	16
UKM.....	18
Fjalerprisen 2008	Siste



Eldre på Nordisk Kunstnarsenter



Foto: David Zadig

Dale Musikkorps fyller 75 år 4. mars

– Bli med på feiringa utover året! Sjå meir side 12


Den kulturelle spaserstokken

Fjaler kommune fekk 100 000 frå "Den kulturelle spaserstokken" i 2009. Søknaden er laga som eit samarbeid mellom Fjaler kommune, ulike frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar som Transplant og Kunstnarsenteret. Les meir på side 13

Fjalerpris

Magne Bjergene fekk Fjalerprisen 2008. Han ynskjer at prispengane skal gå til Jakob Sande-selskapet.

Sjå siste sida.



ORDFØRAREN HAR ORDET

Gode fjalerbuar!



Ordførar
ARVE HELLE

Tlf. 57 73 80 52
Mobil 917 37 562

Epost:
arve.helle@
fjaler.kommune.no

ORDFØRAREN
er å treffe i skranken
på sørviskontoret første
onsdag kvar mnd.
kl. 09.00-11.30

Sidan sist har det vore litt diskusjon omkring prosjektet for lindrande behandling. Difor vil eg denne gongen gjerne fortelje litt om dette tilbodet.

Fjaler kommune har sidan hausten 2006 hatt ein eigen prosjektstilling innan lindrande behandling for alvorleg sjuke og døyande. Prosjektet var planlagt til å vare i 3 år, og skal avsluttast i august 2009. Føremålet med prosjektet var å etablere gode rutinar for å trygge pasientar og pårørnde, auke kompetansen til dei tilsette, samt å betre det tverrfaglege og tverretatlege samarbeidet både i 1. og 2. linjetenesta til gode for desse pasientane.

Prosjektet har fått mykje positiv merksemd og har oppnådd dei fleste av delmåla i prosjektplanen.

Sidan hausten 2008 har leiargruppa i BIO hatt jamlege møte for å innarbeide og kvalitetssikre arbeidsoppgåvene som no er lagt til prosjektleiarstillinga til eksisterande organisasjon. Etter prosjektperioden vil dette arbeidet vidareførast av mottakskontor, lagleiarar, ressursssjukepleiarar i kreftomsorg, fagkonsulentar og kontaktsjukepleiarar.

Ein viktig funksjon etter prosjektperioden vert bruken av ressursssjuke-

pleiarar.

Fjaler kommune har sidan 2004 hatt ein delavtale med Helse Førde som gjeld drift av "Nettverk av ressursssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling". Pr. i dag har BIO 2 ressursssjukepleiarar tilsett.

Når kommunestyret no har løyvd kr 30 000 ekstra til lindrande behandling i Fjaler kommune for 2009 meiner BIO at dette er ein pott som ressursssjukepleiarane i stor grad kan nytte seg av. Dette tilsvarar 3,5 dagar pr mnd i fire månader som kan nyttast til frikjøp av m.a. ressursssjukepleiarar til kvalitets-sikring av rutinar, møteverksemd, heimreisesamtaler med sjukehuset, opplæring, m.m., men ressursssjukepleiarane skal først og fremst nyttast i direkte pasientarbeid. Det er dei som har mest kompetanse innan dette feltet, og når BIO pr.i dag manglar 6 årsverk for sjukepleiar må den kompetansen vi har i størst mogeleg grad nyttast til direkte pasientarbeid.

Håpar dette var litt oppklarande om ei teneste som vi har fått mykje ros for, og som vi også i framtida skal vere gode på.

Arve Helle, ordførar

ANSVARLEG REDAKTØR:

Rådgjevar Marit Hammer, tlf. 57 73 80 56.
E-post: marit.hammmar@fjaler.kommune.no

REDAKSJON:

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44.
E-post ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no
Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08.
E-post kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no
Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20.
E-post frivilligsentralen@fjaler.kommune.no

Redaksjon avslutta 16.02.09

Utgåver 2009: februar – mai – september – desember. Opplag: 1300

INFORMASJONSBLADET BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuar etter nærare avtale. Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.

Har du høyrst at....

SMÅPLUKK



Linda Strand er ny biblioteksjef.

- Hjørdis Åsnes slutta som biblioteksjef 31.01.09. Skal halde fram i stillinga ved Straumsnes bibliotek
- Linda Strand er tilsett i 80% st. som biblioteksjef frå 19.01.09.

- Olav Jorde er tilsett i BIO, BPA 3 frå januar 2009.
- Aage Ness er tilsett i BIO, BPA 5 frå januar 2009.
- Elisabeth Bråtane er fast tilsett i 67% st. som sjukepleiar i BIO, arbeidslag 1.
- Hege Vosseteig er fast tilsett i 100% st. som sjukepleiar i BIO, arbeidslag 5
- Iris Asperheim er under føresetnad av fullført sjukepleiarutdanning, tilsett i 80% st. som sjukepleiar i BIO, arbeidslag 5 frå 01.01.10.
- Sylvi Folkestad er frå august 2009 tilsett i helgestilling i BIO, arbeidslag 3
- Stine Iren Myklebust Austgulen er tilsett i 60% vikariat som lærar ved Våge skule ut skuleåret 2008/2009.
- Rakel W. Solheim er tilsett i 74% vikariat som lærar ved Dingemoen skule ut skuleåret 2008/2009

SAve the FUture GEneration SAFUGE

SAFUGE - er namnet på hjelpeorganisasjonen leia av studentar ved UWC på Haugland som arbeider for å hjelpe born i mindre utvikla land, spesielt Sierra Leone og Madagaskar.

Tenk etter om du, eller nokon du kjenner treng hjelp!

Dei kan utføre arbeid som: vasking, måling, rydding, snømåking, hage- og gardsarbeid... og andre oppgåver du måtte kome på.

De avtalar ein sum for arbeidet som vert utført og pengane dei får inn, går til å byggje opp ein skule på Madagaskar. Her arbeider også studentane i sommarferien. Dei gjev også pengar til eit skuleprosjekt for funksjonshemma i Sierra Leone.

Kontaktinformasjon SAFUGE:

UWC, tlf. 57 73 70 00

Maria Teresa Julianello

<nc02mjul@staff.rcnuwc.no>,
tlf 57 73 70 90

UWC lærar på vegne av SAFUGE
(SAve the FUture GEnerations)
studentane

Du kan også kontakte

Frivilligsentralen i Fjaler,

tlf. 57 73 80 20/mobil 99 54 87 67

Dale senter, 3. etg

LITT NYTT FRÅ BIO

- **Marit Svortevik** deltek i SEPREP - eit tverrfaglig utdanningsprogram i behandling, rehabilitering og oppfølging av menneske med alvorlege psykiske lidningar. Dette tverrfaglege utdanningsprogrammet har undervising 1 til 2 dagar i månaden ved Psykiatrisk klinikk i Førde, og er ferdig februar 2010.
- **Anne Sissel H. Bøthun** tek vidareutdanning i psykisk helsearbeid ved Høgskulen i Førde. Denne utdanninga går over 2 år med undervising om lag 1 veke pr. månad. Ho er ferdig våren 2010.

NYE TILLITSVALDE

Norsk sykepleierforbund har fått nye tillitsvalde i Fjaler. Frå 1. mars er det Janne Øksenberg som vert hovudtillitsvald. Med seg har ho Evy Solheim som tillitsvald. Hilde Åsnes og Eli Tømmerbakke takkar for seg etter 4 år i verva.

DALE IL RYDDAR

Dale IL har starta med rydding i både arkiv og premiesamling. Har du liggande ting av interesse, t.d. protokollar, premiar, møtebøker, så ta kontakt med leiar Marit Øen på 918 10 175 eller marit.oen@tele2.no

ÅRSMØTE I FRIVILLIGSENTRALEN er sett til 10. mars i tilknytning til formannskapsmøtet.

LAF

PÅ DEI NESTE SIDENE KAN DU STIFTE NÆRARE KJENNSKAP MED:

Landbruksforvaltninga – LAF



Landbrukssjef Geir Grytøyra

LAF
LANDBRUKSFORVALTNINGA
FOR ASKVOLL OG FJALER

Kontaktlf. 57 73 02 00
E-post: postlaf@askvoll.kommune.no



Knut David Hustveit, Geir Grytøyra, Velaug Helle Eikemo og Leiv Jørgen Løseth.

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga i Fjaler og Askvoll slått saman til ei eining, forkorta LAF.

Samarbeidet byggjer på ein avtale mellom kommunane Askvoll og Fjaler, der utgiftene vert delt om lag likt mellom kommunane.

Gjengen som arbeider i landbruksforvaltninga er lokalisert til administrasjonshuset på kaia i Askvoll, men har tilgjengelege kontor i Fjalerhuset, der vi prøver å vere til stades med ein person dei fleste dagar i veka.

Formålet med samanslåing av landbruksforvaltningane var å skape eit større fagmiljø, bli mindre sårbare ved sjukdom, permisjonar m.m, og ikkje minst å utnytte rasjonaliseringseffekten og spare pengar ved å redusere tal tilsette.

Arbeidsoppgåvene som er tillagt landbruksetaten er mange og varierte. Dei mest framtrèdande oppgåvene er å forvalte midlane over jordbruksavtalen. Vidare er forvaltninga av jordlov, skog-

lov, konsesjonslov, viltlov m.m. sentrale arbeidsoppgåver. Dei fleste arbeidsoppgåvene er statlege oppgåver som er pålagt kommunane å utføre.

PERSONALSTABEN UTGJER:

GEIR GRYTØYRA som til dagleg styrer med drift av kontoret, lovsakene og utbyggingssakene.



Sidsel Høydal.



Kulturlandskap - utsiktsrydding på Hernes.

KNUT DAVID HUSTVEIT som har sine arbeidsoppgåver med skogbruksforvaltning, miljø og prosjektarbeid.

VELAUG HELLE EIKEMO som har ansvar for postregistrering, sak- og arkivsystem i tillegg til forvaltning av produksjonstilskot og velferdsordningane i Askvoll.

SIDSEL HØYDAL som mesteparten av tida er i Fjaler, tar seg av forvaltninga av produksjonstilskot og velferdsordningane. I tillegg til administrasjon av landbruksvikar og rekneskapsføring for felleskontoret.

LEIV JØRGEN LØSETH som har ansvaret for viltforvaltninga, smilordninga og kontrolloppgåver.

Til saman utgjør landbruksforvaltninga 4,5 årsverk. Landbruksforvaltninga ønskjer å framstå som ei open eining med god dialog og kontakt med yrkesutøvarane i næringa.

Den største utfordringa for etaten er å sjå mogelegheitene for nye tiltak og utnytte dei ressursane vi har rundt oss, og i samarbeid med landbruksnæringa skape vekst og utvikling i kommunane våre.

Landbruks- vikartenestene

Fjaler er ein av dei kommunane som framleis har kommunal landbruksvikar. Ivar Selvåg har i fleire år vore tilsett i stillinga, har lang erfaring og kjenner etterkvart dei fleste gardbrukarane i kommunen. Ved sjukdom hos gardbrukaren er han ein god tryggleik for at husdyra får sitt daglege stell.



Landbruksvikaren Ivar Selvåg.

VISSTE DU AT...

- det i 2008 vart felt 739 hjort i kommunen, som er nok kjøt til om lag 125.000 middagar?
- jordbruket i Fjaler produserer om lag 5 millionar liter mjølk, som er nok til at kvar fjalerbuar kan drikke 5 liter mjølk pr dag?
- tilveksten i skogen i Fjaler er stor nok til å bygge om lag 600 hus årleg?

DALSFJORDVEKA 2009

- PLANLEGGING OG INNMELDING AV ARRANGEMENT

7.-16. august er det tid for Dalsfjordveka 2009.

Tema er som tidlegare **"Kulturopplevingar i landskapet"**. Målet for veka er å trekke folk til vårt distrikt, og gje både tilreisande og lokalbefolkninga kulturelle opplevingar og aktivitetar. Inga Dalsfjordveke utan arrangement – **kva kan du bidra med i år?**

Arrangement

som allereie er klare:

7. august

Kobbeskjerkveld

8.-9.august:

Gaularspel

14.-15. august

Teater på Kyrkjebakken

Frist for innmelding arrangement innan 1. mai!
Start planlegginga no!

Kontakt Ingeborg Tysnes på tlf. 57 73 80 44
e-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no

KLIPPE, KLIPPE...



*Leiar på sørviskontoret
Kårhild Hustveit.*

PÅ SØRVISKONTORET/
ved biblioteket vil
du finne kopi av
sakspapir og
møteprotokoll frå
formannskapet og
kommunestyret

KOMMUNALE PLANAR
og offentlege
høyringsutkast finn
du også her

PÅ NETTSIDA
til kommunen finn
du det same.
Sjå på venstremenyen
under skjema
og dokument

Klipp frå møtebøker og delegerte saker

Resttildeling ungdomstiltak 2008

Ungdommens kommunestyre vedtok løyving slik: Flekke og Straumsnes Musikkorps kr 5 000, Dalsfjorden spelemannslag kr 2 000, Fjaler Røde Kors – Stopp volden-aksjonen kr 2 000, Våge skule sitt elevråd – støtte til nyttårsball kr 2 000, transportmidlar til julefest Grytøyra (buss).

Eldresenteret har fått løyving inntil kr 16 000 til installering av varmepumpe i lokala i Dale.

Deling av GBNR 71/5 Sletteland/ Skadal, eigar Svein Mattson, kjøpar Trond Arne Sunde

Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av inntil 2 daa areal på skogbonitet som skal nyttast til areal for næringsverksemd.

Tomter til garasje/lager og bustad- tomt, GBNR 72/2, søkar Leon Rennestrøm

Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av 1 daa til garasje, kjøpar Freddy Øen, og 1 daa til bustadtomt til Kent Werner Myklebust.

Deling av GBNR 234/9 og 14, søkar Oddvar Snekkevåg, kjøpar Ingolf Landro

Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av 2 parsellar på til saman 2,375 daa med påståande naust og bustadhus.

**Deling av GBNR 70/9, eigar Arvid
Haugen, kjøpar Ole Helge Haugen**
Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av ein bustadtomt på inntil 900 m2.

**Deling av GBNR 45/5, eigarar Yngve
og Irene Øen, kjøpar Mathias Øen**
Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av 1250 m2 som tilleggsareal til gbnr 45/5.

Geir Rune Kleppe, Dale

har, på visse vilkår, fått løyve til bygging av landbruksveg kl 8, Nakkavegen, på gbnr 76/1. Løyvet fell bort om ikkje arbeidet er ferdig innan 31.12.11.

**Deling av GBNR 58/4, eigar Ludvik
Sætenes, kjøpar Olav A. Sætenes**
Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av 60 m2 til nausttomt.

Geir-Magne Kleppe, Hellevik
har fått godkjent plan for nydyrking av 3 daa beite på gbnr 21/1. Tiltaket må vere sett i gang seinast 3 år etter at løyvet vart gjeve.

**Deling av GBNR 272/3, Lammetun,
eigar og søkar Frode Haugen**
Landbrukssjefen har gjeve løyve til frådeling av om lag 1 daa til fritidsføremål.

**Deling av GBNR 237/4, eigar
Svanhild Våge – tillegg til GBNR
237/34, eigar Sonja Våge**
Søknad om frådeling av 12 da er ikkje innvilga.

**Jordvernstrategiar for Sogn og
Fjordane - høyring**
Strategi for fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning og jordvern i Sogn og Fjordane er handsama av formannskapet, som samrøystes slutta seg til framlegget med visse merknader. Vil du lese heile saka? Kontakt sørviskontoret.

**Avtale mellom Fjaler hjorteutval
og Fjaler kommune**
er godkjend. Dei økonomiske tildelingane i avtalen går frå det kommunale viltfondet.

**Bygging av veg i Folkestad,
klage på vedtak**
Anders Folkmann har klaga på planutvalet (formannskapet) sitt vedtak om avslag på søknad om bygging av veg.

Planutvalet held fast på tidlegare vedtak. Klagen går dermed til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Plan for overgangane

mellom barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule er godkjend og innført frå 01.01.09. Kontakt sørviskontoret om du vil lese planen.

Handlingsplan for fylkesvegnettet 2010-2013

I si fråsegn til planen har kommunestyret m.a. uttala seg om:

- kystvegen Bergen – Ålesund
- HAFS regionråd si felles vegprioritering av Dalsfjord-sambandet, bru over Ytre Steinsund, Rv 57 – parsellvis opprusting, fastlandssamband til Atløy
- opprusting av Rv 57 Dale – Osen
- opprusting av fylkesveg 61 Hellevik – Våge, samt opprusting og omklassifisering av kommunal veg Våge – Lutelandet til fylkesveg
- omklassifisering av kommunal veg Heggheim – Sygna til fylkesveg og opprusting av denne
- gang- og sykkelveg med gatelys i Dale (strekninga Yksnebjør – Håland)
- omklassifisering av kommunevegen Flekke – Haugland til fylkesveg.

Personalhandbok for Fjaler kommune

er revidert og vedteken av kommunestyret.

Interkommunalt legevaktsamarbeid

Kommunestyret har vedteke å slutte seg til samarbeidet med full deltaking.

Driftstøtte til Jakob Sande-selskapet

Kommunestyret utsette i desembermøtet handsaming av søknad frå selskapet om kr 60 000 i årleg driftstøtte i perioden 2009-2011. Det er også sendt søknad til fylkeskommunen om deltaking. Søknaden skal handsamast i mars. Kommunestyret ville avvente fylkeskommunen si handsaming før dei gjer endeleg vedtak i saka.

Avtale om leige og drift av Lillingstoneheimen

Fjaler kommune vidarefører avtale med Rekrea som ansvarleg for drift og disponering og Stiftinga Jensbua som ansvarleg for ettersyn og vedlikehald. Avtalen gjeld perioden 01.01.09– 31.12.11. Etter at leigeforholdet går ut, skal leigetakar ha opsjon på å forlenge avtalen med tre nye år. Oppseiingsfristen for alle partar er seks månader.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2009-2012

er vedteken. Kommunestyret har vedteke å forskottere spelemidlar til tre ballbingar i 2009. Dei vedtok også å sjå positivt på liknande søknader om forskottering av spelemidlar så sant den økonomiske situasjonen tillet det. Kontakt sørviskontoret om du vil lese planen.

Kommuneplan for Fjaler 2009-2019

Periode for offentleg høyring for planframlegget er 10.01.09–10.02.09. Handsaming i kommunestyret 23. mars. Kontakt sørviskontoret om du vil lese planen.

Samarbeidsavtale mellom kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om sekretærtjeneste for kontrollutvala

Fjaler kommune har vedteke å seie opp avtalen med SEKOM om sekretariats-tjenester for kontrollutvalet. Kommunen vil i samarbeid med dei andre i samarbeidet starte opp arbeid med å sjå på alternative organisasjonsmodellar for naudsynt sekretærtjeneste for kontrollutvalet. Gjeldande avtale går ut 31.12.09.

Plan for forvaltningsrevisjon 2008-2011

Kommunestyret har godkjent plan frå SEKOM-sekretariat.

Prioriterte område er:

- sjukefråværet – årsak og samanhengar
- økonomistyring – korleis skjer pengestraumane inn/ut av kommunen
- rett handsaming av di sak
- sjølvkostberekningar i VAR-sektoren (vatn, renovasjon, avløp)

FJALER KOMMUNE



Fjaler kommune

Postboks 54,
6961 Dale i Sunnfjord
Tlf. 57 73 80 00
Faks 57 73 80 01

Besøksadresse:

Sørviskontoret,
Fjalerhuset i Dale

E-post:

post@fjaler.kommune.no

Nettside:

www.fjaler.kommune.no

Teknisk vakt i helgane:

951 83 515

NAV Fjaler:

tlf. 57 01 58 00
kl. 09.00 – 15.00 / heile året

Arbeidstid i Fjalerhuset/ på Helsetunet:

I tida 15. sept. til 14. mai:
kl. 08.00 – 15.45
I tida 15. mai til 14. sept.:
kl. 08.00 – 15.00

KLIPPE, KLIPPE...**Foreldrebetaling i barnehagar frå 01.01.2009**

5 dagar for veka:
2.330,- kr. pr. mnd.
4 dagar for veka:
2.115,- kr. pr. mnd.
3 dagar for veka:
1.650,- kr. pr. mnd.
2 dagar for veka:
1.180,- kr. pr. mnd.
Dagsats for ekstradagar:
150,- kr. pr. dag.

Syskenmoderasjon:
30% for 2. barn, 50%
for 3. eller fleire barn.

Reduksjonen vert rekna av
gjeldande foreldrebetaling for
det tilbodet 2. eller 3.
(og fleire) barn har.

Moderasjonen skal omfatte
sysken som bur fast saman.
1. barnet i ein syskenflokk er
i denne samanhangen det
barnet som starta først i
barnehagen eller er eldst.

Gebyr ved for seint henta
barn: 150,- kr for kvar påbe-
gynt halvtide etter ordinær
stengetid

Kulturskulen
Elevkontigenten er
endra til kr 2350.

**KOMMUNALE
BETALINGSSATSAR 2009****Foreldrebetaling i skulefritids-
ordning frå 01.01.2009**

Foreldra skal betale ein timepris for fak-
tisk tildelte timar. Betaling er pr. månad
i 10 månader i skuleåret. Endringar av
timetal i løpet av året må søkjast om.
For å stimulere til etablering og opprett-
halding av eit SFO-tilbod, vert det i til-
legg høve til å kjøpe heil plass (inntil
25,5 t/veka) til noko redusert pris i høve
til tilsvarande heil plass etter timesats.

Dagsats gjeld tilbod i skuleferiar
(halve juni og halve august + haust- og
vinter-ferien).

Foreldra til alle elevar på 1. – 4. års-
steg kan kjøpe timar når det er ledig
kapasitet. Ekstratimar kan ikkje kjøpast
av same elev kvar veke, då må tilbodet
gjerast om til fast plass.

Timeprisen vert auka frå 18,- til 20,-
kr. Prisen pr. mnd. for heil plass vert
auka frå 1.650,- til 1.700,- kr.

Timesats: 20,- kr. pr. time.

Heil plass: 1.700,- kr. pr. mnd.

Dagsats: 150,- kr. pr. dag for tilbod i
feriar (sommar-, haust- og vinter-ferie)
Ekstratimar: 30,- kr. pr. time.

Syskenmoderasjon: 30% for 2. barn og

50% for 3. eller fleire barn.

Gebyr ved for seint henta barn: 150,- kr.
for kvar påbegynt halvtide etter ordi-
nær stengetid.

Vederlag for opphald i institusjon

Retningslinjer og betaling for opphald i
institusjon er regulert av Forskrift om
vederlag for opphald i institusjonar m.v.
justert 5. januar 2001. Desse har vi ikkje
høve til å endre.

Korttidsopphald kr. 118,- pr. døgn (inn-
til 60 døgn pr.kalenderår)

Dag- eller nattopphald kr. 59,-

Langtidsopphald vert rekna ut i samsvar
med retningslinjer i forskrifta.

**Matombringning / kantineprisar ved
Fjaler sjukeheim frå 01.01.09**

Middag med dessert
for heimebuande: kr 60,-

"Kantineprisar" sjukeheimen:

Middag kr 65,-

Dessert kr 15,-

Frukost/kvelds kr 40,-

Graut kr 35,-

Tryggleiksalarm

BIO har inngått avtale med Alarmsentralen
om leige av tryggleiksalarmar. Brukar-
betalinga vert sett lik den avtala leigepreisen
frå Alarmsentralen, kr 150,- pr mnd.

Praktisk bistand

Kommunen har høve til å ta betaling for praktisk bistand i heimen med bakgrunn
i retningslinjer som fylgjer av Forskrift til lov om sosiale tjenester m.v. Kap.8. Ein
har ikkje høve til å ta betaling for praktisk bistand når det vert ytt som opplæring.

Grunnbeløpet i folketrygda, som er utgangspunktet for betalingssatsane, vert
auka 01 05 kvart år. Nye grunnbeløp pr 01 05 08;

IG	kr. 70 256,-	4 G	kr. 281 024,-
2,5 G	kr.175 640,-	5G	kr. 351 280,-
3 G	kr. 210 868,-	6G	kr. 421 536,-

PRAKTISK BISTAND. BETALINGSSATSAR FRÅ 01.01.09

Antal G	Bet. pr time	Maks. bet. pr. mnd	Endring i høve 2008
Inntil 1 G	0	0	0
1 – 2 G	150	150	0
2 – 2 ½ G	150	300	Ny (+150,-)
2 ½ – 3 G	250	625	0
3 – 4 G	250	1000	0
4 – 5 G	250	1250	0
5 – 6 G	250	1500	0
Over 6 G	250	2000	0

TEKNISK KONTOR

Vatn og avløp Grunnlaget for utrekning av vass- og kloakkgebyr er summen av kapitalutgifter og driftsutgifter kommande år. Med å vidareføre dagens driftsnivå inneber det at kloakkgebyra må aukast med 5% og vassgebyra aukast med 5%. Meirverdiavgift kjem i tillegg. Auken i gebyra utover generell prisstigning, skuldast auka rente på investeringane innan vass- og kloakksektoren.

Tilknytingsgebyr: Ingen endring frå 2008

Årsgebyr (Tal frå 2008 i parentes)

Abonnementsgebyr for bustad og fritidshus:

Vatn: 1.103 (1.050) Avløp: 1.596 (1.520)

Abonnementsgebyr for *næring* skal betalast for næringseigedomar, offentlege verksemder og kombinasjonsbygg. Gebyret blir fastsett som N x abonnementsgebyr for bustad, der N er avhengig av dimensjonen på inntaksleidning i mm.

FORBRUKSGEBYR

Ved målt forbruk: Forbruksgebyr = målt forbruk x einingspris.

Einingspris kr/m³

Vatn: 7,57 (7,21) Avløp: 10,66 (10,15)

Tal frå 2008 i parentes

Ved stipulert forbruk:

Forbruksgebyr = stipulert forbruk x einingspris.

Gebyret for ulike arealgrupper går fram av tabellen nedanfor.

Bruksareal (m ²)	Stipulert forbruk (m ³)		Gebyr vatn		Gebyr avløp	
	Bustadhus	Fritidshus	Bustadhus	Fritidshus	Bustadhus	Fritidshus
< 100	100	25	757(721)	189(180)	1.066(1.015)	267(254)
101 – 250	200	50	1.514(1.442)	379(361)	2.132(2.030)	533(508)
> 250	280	70	2.120(2.019)	530(505)	2.984(2.842)	747(711)

Tal frå 2008 i parentes

Gebyr for administrasjon av ordning med vassmål:

Ingen endring frå 2008

Gebyr for mellombels tilknytning:

Ingen endring frå 2008

Gebyr for fråkopling/tilkopling av vatn:

Ingen endring frå 2008

Gebyr for feiing og tilsyn

Ingen endring frå 2008

Oppmålingsgebyr

Gebyra vert regulerte etter indeks frå Statens Kartverk.

Byggesaksgebyr

Vert justerte i takt med SSB sin kostnadsindeks, jfr. §14 i den kommunale forskrifta om gebyrregulativ for saks- handsaming etter Plan- og bygningslova.

Plangebyr

Vert justert i takt med konsumprisindeksen, jfr. pkt. 4 i den kommunale forskrifta om plangebyr etter Plan- og bygningslova.

Renovasjon og slamtømming

Renovasjonsgebyret vert etter tilråding frå representantskapet i SUM auka med ca 9%. Slangebyret vert etter tilråding frå representantskapet i SUM auka med ca 9%.

KLIPPE, KLIPPE...**LANDBRUK****Satsar for tenester og fellingsavgifter for hjort**

Fellingsavgift hjort

Dyr eldre enn 1 år kr 300,-

Kalv kr 100,-

Andre tenester

Tekisk plalegging/økonomisk planlegging(pr. plan) kr 750,-
Gjødselplan

– grunnpris kr 500,-

+ pr skift kr 50,-

Andre oppdrag pr. t kr 250,-



ONSDAG 4. MARS

Kl. 18.00: Kulturskulekonsert på Lillingstonheimen

Akustisk konsert med piano, song, fiolin og gitar. Pris kr 50,- (Under 10. kl. gratis)

Kl. 20.00: Med brazz og bram – Dale Musikkorps feirar 75 år!

Jubileumskonsert på sjølve stiftingsdagen med Dale Musikkorps, DeKor og Førde Ungdomskorps. Stad: Ungdomshuset Trudvang. Arr. Dale Musikkorps og DeKor. Pris kr 50,- (gratis under 15 år)

TORSDAG 5. MARS

Kl. 11.00-16.00: For eldre: Kreativ workshop og omvisning på Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen

Påmelding til Frivilligsentralen. Tlf. 57 73 80 20/99 54 87 67. Maks 20 stk. Arr. er støtta av Den Kulturelle Spaserstokken. Pris kr 100,- alt inkl. Skyss kan ordnast.

Kl. 16.00-19.00: Open dag på Nordisk kunstnarsenter Dalsåsen med følgjande kunstnarar: Paula Lehtonen, Finland. William Seeto, Australia. Charlotte Grum, Danmark.

Petras Dzervus, Litauen. Anders Jakobsen, Sverige

Kl. 18.00: Halvmånesamling i gammen i Norddalen

Kom med bidrag: Dikt, song, aktivitet. Påmelding til: Arne Osland. Tlf. 917 01 816. Maks 25 stk. Sal av gløgg. Arr. Rehab. Haugland, UWC og Jakob Sande-selskapet

FREDAG 6. MARS

Kl. 19.00: Opningskveld på Transplant av temaet "Forsvinning"

Kuratert av Béatrice Josse, direktør ved Frac Lorraine i Metz, Frankrike. Verk av: Michel Blazy (FR), Monica Bonvicini (IT), Mario Garzia Torres (MEX), Patrick Neu (FR), Jean-Christophe Norman (FR) og Roman Signer (CH) Maia Urstad (NO). To kunstnarar vil vere til stades under opninga på Transplant. Møt kunstnarane, nyt god mat og drikke. Kr 150,- www.transplant.nu

Kl. 19.00: Fjaler kino: Norges-premiere "ORPS-The Movie"

Filmen er framhald av serien som var vist på NRK i vinter. Filmen handlar om to musikkorps som tevlar om å vinne NM. Familiefilm.

Kl. 21.00: Fjaler kino: "VALKYRIE"

Am. Drama/Thriller med Tom Cruise. Filmen er basert på den sanne historia om det mislykka attentatet mot Adolf Hitler. Aldersgr. 11 år.

Kl. 21.00: Vinterdans på Våge

Familiedans i ungdomshuset på Våge, med stor breidde i dansemusikken. Ta med heile familien og kom! Aktørane blir Tobias and the Heartbreakers med fengande pop/rock, band med UWC-elevar spelar latinske rytmer. Dale musikkorps spelar swing og storband-musikk og Dalsfjorden spelemannslag spelar spretten gammaldansmusikk. Kafe v/Våge kvinne- og familieforbund. Arr. Dale musikkorps og Dalsfjorden spelemannslag. Pris kr 100,-/50,-.

LAURDAG 7. MARS**KL. 11.00-13.00: Snøbrunch og snøskulpturar på Transplant**

Tid for familiehygge! Nytt sjansen til å ta med sysken, tanter og onklar for å lage snøskulpturar utanfor Transplant. Samstundes blir det servert snøbrunch m/varm drikke rundt peisen inne i Transplant. Kr 145,-/55,- for snøbrunchbuffet. Skulpturlaginga er gratis. www.transplant.nu

KL. 14.00: UKM – Ungdommens Kulturmonstring 2009

Stad: Ungdomshuset Trudvang. Vaksne kr 50,-. Arr. Ungdommens Kommunestyre.

KL. 21.00-02.00: UKM-fest

Stad: Ungdomshuset Trudvang. Band og DJ. Pris kr 50,-. Arr. Ungdommens Kommunestyre og Musikkverkstaden i Dale.

KL. 20.00: 4-retters vintermiddag med gjestekokk, på Transplant

Ta smaksløkane dine med på ei kulinarisk oppleving du seint vil gløyme. God stemning og eld i peisen ved fjordkanten på Transplant. Påmelding innan 3. mars til Rune Henden tlf. 48 89 92 15. E-post: rune@transplant.nu. Kr 575,-. www.transplant.nu

SUNDAG 8. MARS**KL. 11.00: Taizégudsteneste i Guddal kyrkje**

Musikk ved Guddal familiekor, Hermod Espe (fiolin) og Mark Trilling (klarinet). Offer til ein landsby i Mali. Arr. Guddal familiekor

KL. 13.00: VM i skiskyting i Norddalen

Norddalen skisenter er arena for VM i skiskyting for heile familien. Grilling, sal av vaflar m.m. Deltakaravgift kr 50,-/20,-. Arr. Svint, UWC og Norddalen skisenter.

KL. 19.00: Syng-med-oss kveld

Avslutningskonsert for Vinterfesten i Dale kyrkje. Det blir mange fine songar inkludert nokre av Elvis sine salmar og songar med solist Leif Gunnar Igelkjøn. På sjølvaste kvinnedagen må vi også inkludere nokre songar som kvinner har skrive og der Marie Skadal er solist. Fiolinduet v/Björg Marie Akse og Hermod Espe – verk av Shostakovich. Etterpå inviterer Cantus til enkel kveldsmat på Ljosheim. Kollekt ved utgang. Arr. Cantus.

KL. 19.30: Fjaler kino: "WATCHMAN"

Am. action/Fantasy/Sci-Fi. Regi Zack Snyder.

Kulturminneåret 2009

Kulturminneåret i Fjaler

2009 er utpeika til å vera Kulturminneåret. Tema for året er dagleglivets kulturminne. Me oppfordrar alle innbuarane i Fjaler til å vera med å påverke kva som skal vera Fjaler kommune sitt kulturminne. Det kan gjerne vera eit kulturminne frå nyare tid og som fleire har eit minne om. Eit kulturminne kan vera ein materiell ting (kjevle, vaskemaskin) eller noko immaterielt (song, historie). Skulane i kommunen er også oppfordra til å finna kulturminne for sin skule. Ta kontakt med ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no, tlf. 57 73 80 44 dersom du har nokon tankar om dette.

Kulturminneløyper

Det er også sendt ut oppfordringar til kommunane, lag, organisasjonar og kulturminneinteresserte om å lage kulturminneløyper. Desse kan vera nye,

gamle, fysiske og virtuelle (på Internett). Kulturminneåret tilbyr startpakke med infomateriell som digitalt og fysisk klyppekort, diplom, brosjyre, plakatar og malar til merking av kulturminna. Rutene bør involvera tre samarbeidspartnarar. I Fjaler kan dette vera vegar som ligg klar no, som Postvegen, men me kan også nytta høvet til å opparbeida andre.

Pengar å henta til gode tiltak

Samarbeid, daglegliv, kulturuttrykk på vandring og dokumentasjon av kulturminne er stikkord for tildeling av midlar i samband med Kulturminneåret 2009. Seks millionar kroner skal fordelast på ulike prosjekt og tiltak. Det er Noregs kulturvernforbund som lyser ut midlane og for søkarar frå Sogn og Fjordane vil fylkeskontakt Bjarnhild Samland og prosjektgruppa for Kulturminneåret 2009 ta del i pro-



Kulturminne: Postluka på Leitet.

sessen med tildeling av midlar. Søknadsfristen er 1. mars og meir informasjon får ein ved å kontakta fylkeskontakten eller besøka Kulturminneåret sine nettsider: www.kulturminneaaret2009.no.

JUBILEUM

AKTIVITETSPLAN FOR JUBILEUMSÅRET

4. MARS

"Vinterfest i Fjaler"

Opningskonsert i Trudvang.
Førde Ungdomskorps, Dekor
og Dale Musikkorps deltek.

Sal av kake
og kaffi m.m.

6. MARS

"Vinterfest i Fjaler"

Dalsfjorden Spelemannslag
og Dale Musikkorps spelar
opp til dans i ungdomshuset
på Grytøyra.

28. MARS

Krohnengen Brass Band

(elitekorps frå Bergen)
held konsert i Fjaler.

4. APRIL

"Palmejam"

på Kroa i Dale. Dale
Musikkorps med gjester held
konsert. Dans.

17. MAI

Speling

i Dale og på Hellevik

12. JUNI

Utekonser

i Dale sentrum

6.-7. JUNI

Deltaking

på songarstemne i Våge

24. OKTOBER

Jubileumskonsert

i Dale. Musikkorpset under-
held i lag med andre song-
og musikk-krefter frå Fjaler.



Dale Musikkorps 75 år

Dale Musikkorps vart skipa 4. mars 1934. I jubileumsåret, som vi no er inne i skal dette sjølv sagt feirast. På aktivitetsplanen for året er det mange flotte konsertar å sjå fram til. Så de som likar brassbandmusikk kan gle dykk.

I Dale Musikkorps har vi lenge arbeidd for å få med fleire musikantar i laget. Vi veit det finst rikeleg med vel kvalifiserte personar i kommunen, men

napp har det vore dårleg med. Det er difor svært gledeleg at vi i jubileumsåret har fått nokre nye medlemmer. Vi er no 20 musikantar som møtest kvar onsdag på Dingemoen skule til øving. Ole-Jakob Nedrebø er dirigent og ein viktig inspirator for korpset. Dei siste åra har vi lagt om på repertoaret og spelar no mykje populærmusikk, og då ofte med sangsolistar. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på.

Den kulturelle spaserstokken



Foto: Frå workshop på NKD 2008.

Fjaler kommune fekk 100 000 frå "Den kulturelle spaserstokken" i 2009. Søknaden er laga som eit samarbeid mellom Fjaler kommune, ulike frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar som Transplant og kunstnarsenteret. Pengane skal nyttast til kulturtiltak til eldre og det er lagt vekt på profesjona-

lit i kunstnarleg/ kulturfagleg uttrykk. Midlane skal nyttast til kulturtiltak som kjem dei eldre direkte til gode. Tilbodet skal ikkje kome til erstatning for kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.

Første arrangement vert: Torsdag 5. mars kl. 11.00:

Kreativ workshop og omvisning på Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen

Program:

11:00: Velkomst NKD.

11:30: Kaffi og kake i verkstadsbygning. Atelierbesøk og møte med kunstnarar frå Australia, Finland, Danmark, Sverige og Litauen.

12:00: Skulptur workshop med Charlotte Grum - eksperimentering med form og material!

13:45: Lunsj i peisestova i Fagerheim huset
Workshop held fram etter lunsj til kl. 16:00

16:30: Heimreise.
Skyss kan ordnast.

Påmelding til Frivillig-sentralen, tlf. 57 73 80 20/ 995 48 767. Pris kr 100,-

Førebels program :

Vinter: Yndestad gard, kulturkveld

April: Fjaler pensjonistlag arr. fest for eldre. Frilansjournalist Marit Bendz held foredraget "Tundraen har feber - ei reise med tog og båt i Sibir"

Juni: Jakob Sande-selskapet - Vegar i Jakob Sandes diktning

August: Bakardag i eldhuset på Lillingstonheimen

September: Våge kvinne og familielag arrangerer kulturkveld

Oktober: Fotoprojekt i samarbeid med Transplant. Eldre folk sine kulturminne.

Heile året:

Folkemusikkonsertar på Fjaler sjukeheim.

Det er sett ned ei styringsgruppe som består av Rønnaug Haugen (eldrerådet), Sonja Flekke (eldrerådet), Bjørg Yndestad (sjukeheimen), Margrete Reisæter (frivillig-sentralen) og Ingeborg Tysnes (kultur)



KONTAKTINFO:

2. høgda i
Fjaler sparebank
Tlf. 57 73 76 76

E-post: post@fnu.no

www.fnu.no

Næringsfondet i Fjaler – løyvingar i 2008

Vedtaka er gjorde av styret i Fjaler næringsutvikling

Sak 9/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Bunadsstova

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Bunadsstova v/ Liv Solveig Langeland eit bedriftsutviklingstilskot, avgrensa oppover til kr. 15.000,-

Sak 11/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Fjaler Profilering

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Fjaler Profilering eit tilskot til utarbeiding av forprosjekt, for å få etablert eit næringsbygg på Skarpa, avgrensa oppover til kr. 16.000,-

Sak 17/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Skår VVS AS

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Skår VVS AS eit bedriftsutviklingstilskot, avgrensa oppover til kr.28.350,-

Sak 19/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Oddmund Haugen

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Oddmund Haugen eit bedriftsutviklingstilskot, avgrensa oppover til kr. 41.129,-

Sak 24/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Brekkefossen Kraftverk

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Brekkefossen Kraftverk AS eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 32.000,-

Sak 25/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Frode Haugen

INNSTALLING: Fjaler Næringsutvikling gjev Frode Haugen eit bedriftsutviklingstilskot, avgrensa oppover til kr. 32.000,-. Styret tek atterhald om at søkar får skriftleg melding frå Fjaler Kommune om at området ikkje er bandlagt i forhold til dei planane ein ynskjer utgreidd i forprosjektet.

Sak 26/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Yndestad Feriehus

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Yndestad Feriehus v/ Nina Yndestad eit

bedriftsutviklingstilskot, avgrensa oppover til kr. 19.250,-

Sak 28/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Lutelandet Utvikling AS

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Lutelandet Utvikling AS eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 60.000,-.

Sak 29/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Rundtur Sogn og Fjordane

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Interimstyret v/ Stiftinga Jensbua og Reismål Sunnfjord AS eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 50.000,-til delfinansiering av utviklingskostnader i 2009. Styret i FNU ser positivt på prosjektet og er innforstått med at det også kan komme søknadar til prosjektet også i 2010 og 2011.

Sak 37/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond- Annonsering Dalsfjordsbru

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Fjaler Næringsutvikling v/ Prosjekt "Vi gler oss til Dalsfjordsbrua" eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 23.563,-

Sak 38/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Mathias Øen Transport

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Mathias Øen Transport eit bedriftsutviklingstilskot, avgrensa oppover til kr. 19.729,-

Sak 39/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Blomstertorget AS

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Blomstertorget AS eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 108.000,-

Sak 40/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Fure Mekaniske AS

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Fure Mekaniske AS eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 110.475,-

Sak 41/ 2008: Søknad næringsfond/ bankfond – Avans AS

VEDTAK: Fjaler Næringsutvikling gjev Avans AS eit tilskot, avgrensa oppover til kr. 40.000,-



Dagleg leiar i Fjaler Næringsutvikling
Ingrid R. Døskeland.



Medarbeidar Are Njøsén.

FNU – gründerhjelp

Fjaler Næringsutvikling (FNU) held til i andre etasje i bankbygget i Dale, inngang mot Firda Billag. På kontoret jobbar dagleg leiar Ingrid R. Døskeland og medarbeidar Are Njøsén. Ingrid har jobba i FNU sidan 2003 og Are har vore tilsett sidan september 2008. Du kan treffe oss mellom kl. 08.00 og 16.00 måndag til fredag.

Fjaler Næringsutvikling (FNU) er ein medlemsorganisasjon som per i dag har 93 medlemmar, hovudsakleg frå næringslivet, men også nokre organisasjonar. I tillegg til å være ein organisasjon for næringslivet, er vi også Fjaler kommune sitt næringsapparat.

FNU er basert på medlemskontigent og driftstilskot frå Fjaler kommune og Fjaler Sparebank.

FNU er etablert i trua på at eigarskap og engasjement frå næringslivet vil gje ei betre næringsutvikling enn eit reint kommunalt engasjement.

Hovudoppgåvene til FNU er å hjelpe til ved bedriftsetablering i Fjaler

kommune. Personar som har ein forretningsidé er hjarteleg velkomne på kontoret vårt. Vi kan heile prosessen frå idé til produktet/tenesta kjem på marknaden. Det kan vere mange spørsmål knytt til bedriftsetablering og FNU kan hjelpe til med forretningsplan, budsjett, registrering, marknadsføring og organisering. Vi har også gratis kontorplassar slik at ein kan få reduserte kostnader i oppstarten. –Om du har ein ide som du lurar på å gjere noko meir ut av, ta gjerne kontakt!

FNU forvaltar næringsfondet til kommunen og Fjaler Sparebank sitt næringsfond. Vi hjelper til med søknader til dei lokale fonda. I tillegg kan vi også hjelpe til med å skaffe ekstern finansiering i form av søknad til Innovasjon Noreg, eller skaffe kontakt med potensielle private investorar.


FNU er også ansvarleg for eitt av dei seks inkubatorkontora i fylket, og kontoret Dale skal dekkje HAFS-området. Inkubator betyr "rugekasse"

med gode vekstvilkår - mynta på folk med idéar i Sogn og Fjordane. Fjord Inkubator skal vere blant det beste Sogn og Fjordane kan varte opp med av hjelp til gründerar. Dei forretningsidéane som blir tekne opp her skal få dei aller beste vekstvilkår fylket har å by på. Alt frå kunnskap og kompetanse, kontor, gode nettverk og kjelder til sine verksemdar. Målet er å gje dei nystarta bedriftene eit best mogleg vekstmiljø, slik at bedrifta veks raskare.

Vi jobbar også mykje med prosjekt og nettverksbygging internt i Fjaler og HAFS, til hjelp for næringslivet og rekrutteringa til Fjaler.

Gå gjerne inn på nettsida til Fjaler Næringsutvikling, www.fnu.no. Den inneheld nyhende, stillingsannonser, ledige bustadar i Fjaler og meir informasjon om FNU. Kontakt oss om du har ledig stilling, bustad eller tips til næringslivssaker.

Nytt frå Hyllestad og Fjaler kulturskule



Fom januar i år har kommunane eins pris på kulturskuletilbodet, kr. 2350,- pr. år. Det er og eins pris på rabattane, og dei andre økonomiske høva rundt kulturskulen.

Kulturskulen er open for søknad

gjennom heile året, med 15. mai som ein hovudsøknadsfrist. Dei som vil slutte til sommaren, må hugse å gje melding innan denne datoen. Elles i året er oppseiingstida 1 månad, og som sagt: restplassar kan søkjast på heile

året. Minner og om at du har plassen til du seier den opp sjølv, så det trengst ikkje ny søknad for kvart skuleår, så lenge du ikkje byter tilbod. Søknad sendast via www.kulturskolen.no, ev. ved å kontakte rektor.

Vi er for tida med i eit 3-årig utviklingsprosjekt kalla "Kulturskulefokus". Dette går fram til våren 2012. Målet er å utvikle skulen til å bli eit lokalt ressurscenter.

Prosjektet er drive av Norsk Kulturskuleråd (www.kulturskoleradet.no) og kommunar frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er med. Vi håpar mange vil merke positiv endring etterkvart som prosjektet skrir fram.

I samarbeidsavtalen mellom Hyllestad og Fjaler om felles kulturskulete-neste, er det nedfelt ei evaluering i løpet av våren 2009. Denne vil og bli viktig for det vidare utviklingsarbeidet. Meir informasjon om metode og gjennomføring kjem etterkvart.

Dale skyttarlag

– ein treffsikker aktivitet for alle!



Dale skyttarlag gjennomfører miniatyrskyting på 6 elektroniske skiver i kjellaren på gamle Dingemoen skule, frå oktober til mai.

På Dingemoen føregår skytinga på onsdagar og fredagar med cal 22 frå kl. 1800, og er open for alle frå 10 år og oppover. Dei som er under 10 år må ha fylgje med foreldre.

Skyttarlaget disponerer lagsgevær og formidlar ammunisjon til trening og konkurransar for skyttarlaget sine medlemmer.

På Dingemoen har vi visning på storskjerm, koseleg opphaldsrom og moglegeheiter for kaffi og vaflar.

Utandørs skyting frå mai til oktober føregår på elektronikk på skytebana i Stavs-dalen

Datoar for skyting i Stavs-dalen, følg med på <http://dale.skytterlag.no> eller oppslag på skytebana.

Barnehagane i Fjaler

– ledige plassar frå hausten 2009

Kommunale og private barnehagar har samordna opptak med felles skjema og fristar.

Opplysningar om tilbod og søknads-skjema får ein ved å vende seg til den

aktuelle barnehagen, sørviskontoret på Fjalerhuset eller ved å gå inn på inter-nettsida www.fjaler.kommune.no.

Søknad skal sendast til barnehagen innan 1. mars.



Fjalerhuset.

Møteplan 1. halvår 2009


Månad	Formannskap	Kommunestyre
Januar	27.	
Februar	25.	16.
Mars	10. og 31.	23.
April	28.	
Mai	26.	11.
Juni	9. og 30.	22.

Måndag er møtedag i kommunestyret, medan formannskapet møter tysdag.

Møtestart/møtestad for formannskapet er kl. 08.30 og for kommunestyret kl 12.00 på Fjalerhuset om ikkje anna vert kunngjort.

På kommunestyret sine møte vil ein ha ulike tema/ presentasjonar i tillegg til ordinære saker.

Arve Helle, ordførar



FJALER FOLKEBIBLIOTEK OPNINGSTIDER OG KONTAKT

Hovudbiblioteket i Dale

Fjalerhuset

Tlf. 57 73 80 17

Biblioteksjef Linda Strand

Tysdag og fredag

kl 10.00 – 15.00

Torsdag kl 13.00 – 18.00

1. laurdag i mnd

kl 10.00 – 14.00

Straumsnes filial i grendahuset

v/ Hjørdis Åsnes

Tlf. 57 73 51 13

Onsdag kl 15.00 – 18.00

Guddal filial i grendahuset

v/ Lilly Ødemark

Tlf. 57 73 88 40

Onsdag 13.00 – 16.00

Bokbussen køyrer i Fjaler

09.03. – 20.04. – 25.05.

Søk på:

asp.bibits.no/fjaler-fb

www.fjaler.kommune.no

- Fjaler før og no
- Kulturkalender

Ungdommens kulturmønstring 7. mars



Til arrangørar og ungdom

NATTERAVNANE I FJALER

kjem om dei får melding i god tid! Kontakt Margrete på Frivilligsentralen, Dale senter 3. etg.
Tlf. 57 73 80 20/99 54 87 67
E-post: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no eller ein i arbeidsgruppa: Hilde Friis, leiar tlf. 905 01 274, Solgunn Eikevik eller Vigdis Øen Åsnes

FESTBUSS?

HEIM FOR EIN 50-LAPP?

Kontakt Ingeborg på kulturkontoret tlf. 57 73 80 44.
E-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no.



Det er enno tid til å melde seg på UKM! Fjaler har ein god tradisjon for god påmelding til UKM og me håpar det vil skje også i år!

Driv du med musikk, teater, skriv tekstar, foto, video eller dans? Då er UKM noko for deg!

Også i år vil det vera fest om kvelden med band og høg stemning. Festen startar kl. 21.00 og det vil verta sett opp bussar både til og frå. Følg med på plakatar for meir informasjon!

SAFUGE vil ha kafé både på dagtid og på festen om kvelden!

Ombygging ved Fjaler Helsetun

Fjaler kommune skal bygge ny takkonstruksjon og etablere nytt ventilasjonsanlegg ved Fjaler helsetun, lege- og tannlegefløy. Lokala har stort behov for rehabilitering og prosjektet skal gjennomførast frå påske og fram til desember 2009.

I samband med ombygginga vil alle bebuarane i og rundt lokala oppleve ein del støy og andre forstyrrende element.

- Lyd frå ombyggingslokala vil forplante seg til store deler av bygget.
- Tilkomst vert innskrenka ved tunell og merking.
- Postkassane vert midlertidig flytta til Løvollen.
- Det vert stillas rundt heile lege-/tannlegefløyen i anleggstida.
- Lege-/tannlegekontor vil ha til dels store støyforstyrningar fram til sommarferien.

- Etter ferien vil det verte arbeid i og rundt lokala og som krev godt samarbeid.

Fjaler kommune ber arbeidspersonell, bebuarar og besøkande ha forståing for anleggsdrifta. Vonar bygget får gode arbeidsforhold i trivlege lokale for både legar og tannlegar, til beste for oss alle.

Med helsing
Teknisk kontor, Fjaler kommune

Kjenner du nettstaden www.fjaler.kommune.no?

Då har du sett at sidene treng ny drakt og annan funksjonalitet for at dei skal vere tenlege for deg og andre som søker opplysningar om Fjaler kommune, tenestene kommunen gjev og kva som skjer av sakshandsaming og aktivitetar.

Gjennom eit samarbeid i dei såkalla SYS-kommunane er det no arbeid på gang med nye nettsider i alle kommu-

nane. Askvoll, Førde og Solund har vore pilotkommunar. Dei to første er "på nett", og Solund følgjer.

Sjå www.askvoll.kommune.no og www.forde.kommune.no. Neste gruppe – Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad og Fjaler – held på for fullt, og vil vere tilgjengelege med nye løysingar no i vår. Alle kommunane brukar same leverandør og same løysing,

men vil likevel vere litt ulike fordi kommunane er ulike.

Det er ikkje sikkert at du vil finne all informasjonen du ønskjer frå dag 1. Nettstaden må heile tida vere under utvikling, og nye ting vil verte lagde inn ettersom dei vert produserte. Gje oss gjerne tilbakemeldingar når tida er der – ros eller ris, begge typar er like velkomne!



Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord

Fjalerprisen 2008 til Magne Bjergene



Magne Bjergene får overrakt prisen av ordfører Arve Helle. I midten leiar i juryen Anne Erstad

Fjalerprisen 2008 gjekk velfortent til Magne Bjergene. Prisen bestod av eit bilete av David Zadig og 15 000 kroner. Pengane ynskjer Magne Bjergene å gje vidare til Jakob Sande-selskapet. Prisen vart delt ut på kommunestyremøte 15. desember.

Inkarnasjonen av Fjalerprisen

Fjalerprisen er tildelt Magne Bjergene fordi han har gjort særskilt mykje for å utvikle Fjalersamfunnet. Han har marknadsført Fjaler kommune på ein framragande måte og har ytt ein ekstra innsats for å fremje nyskaping, openheit og inkludering. Han oppfyller alle tre kriteria for tildeling av Fjalerprisen.

Merittane til Magne Bjergene er mange. Dei største er aktivitetane på

Haugland med UWC og Haugland-senteret, og kunstnarsenteret på Dalsåsen. Magne Bjergene har tidlegare fått næringsprisen i Fjaler og Kongen sin fortjenestemedalje i gull. Han kunne deretter ha kvilt på sine laurbær, men har tvert imot halde fram med å utvikle hjartebarna sine og Fjaler kommune vidare.

Frå det nære til det fjerne

Magne Bjergene har i mange år sunge i Cantus. Jakob Sande er for Magne Bjergene, som for mange andre fjalerbuarar, ei kjelde til inspirasjon, som kan syngjast og siterast, heime i Fjaler eller på ulike arrangement andre stader i landet. Magne Bjergene tok i si tid opptakten til etablering av Jakob Sande-selskapet.

Frivillig innsats og engasjement i dei ulike prosjekta glir over i kvarandre hos Magne Bjergene. Han har vore aktiv i næringsutvikling, han var med i nemnda for kulturbasert næringsliv i tilknytning til Tusenårsstaden. Han er med som støttespelar og skodespelar i aksjonen for Dalsfjordbrua og ikkje minst har han kome med ei ny stor satsing i FoUsenteret på Haugland.

Magne Bjergene har også engasjert seg internasjonalt med utviklingsprosjekt i Vest Sahara, indre Mongolia og i Kina. Gjennom kinesisk fjernsyn har han gjort den internasjonale skulen og Fjaler kjend for mange millionar kinesarar.

Arbeidet med og på UWC har vist kor heldige vi er i Fjaler og Noreg i eit velfungerande demokratisk samfunn. Det har sine røter mellom anna i retts- og lovutøving i folkestevna på Gulatinget. Å ta elevane frå UWC og andre skular i området med til Gulatinget for å drøfte demokratiske verdiar er Magne Bjergene sin måte å formidle desse verdiane vidare.

Gjev pengane til

Jakob Sande-selskapet

I sin takketale framheva han kor viktig det har vore at Fjaler kommune har vore positive og sagt ja til mange av prosjekta hans, og han oppfordra politikarane til å halde fram med å vera ein kommune som tar vare på nye initiativ. Han ynskjer å gje prispengane på 15 000 til Jakob Sande selskapet.